

Frå ei anna tid



På kaldaste vinteren, så seint som i 1807, her på futegarden Sandvika på Gyl, blir tenestjenta Anne frå Stangvik teke inn til førhøyr.

Ho hadde fødd i dølgsmål og barnet vart funne livlaust.

Ho blir sett i arrest i Bekken i Tingvollvågen, der ho blir dømt til døden.

Ho skal halshoggast med øks. Hovudet skal settast på stake.

På hi sida av fjorden, hundre år seinare, under spanskesjuka, strevar ungdommen Ole med å skaffe seg eit verdig liv. På eit jarnkors oppskora ved muren på Tingvoll kyrkjegard kan vi ennå lese orda: «Fred med dit støv».

Les meir om lagnaden til desse menneska, ført i pennen av Per Eilert Orten og Bernt Angvik.